



2. januar 1989 opna Christian Stensletten og Lars Myklebust Auto 88 i Uskedalen.

Det er 30 år sidan Lars Myklebust og Christian Stensletten kjøpte seg inn og opna ny verkstad på Brekkeskroa. Før den tid dreiv Sigurd Myklebust verkstaden. Etter ein leigeperiode kjøpte dei anlegget i 1996. Sigurd dreiv ei tid med bensinutsal og kiosk. I 1998 overtok Lars og Christian heile verksemda og utvida bygget med større kontorflate.

Verkstaden og bensinutsalet går tilbake til 1967 då Sigurd Myklebust kom heim frå Bergen og starta det som den fyrste tida, var ein Caltex stasjon. Seinare vart det Texaco og sjølv om stasjonen har skifta namn etter det, går plassen berre for Texaco eller Texen på folkemunne.

Kiosken vart driven fram til 2010. I dag er eit verkstadmottak, eit kundesenter der bileigar møter skrankepersonale og kan ta ein kopp kaffi og lesa aviser dersom ein må venta på klargjering av bilen.



Anve Gausvik eig i dag 40 % i driftsselskapet, her saman med Christian Stensletten.

Fram til 2014 var Lars Myklebust og Christian Stensletten inne på eigarsida i driftsselskapet med 50/50 %. Så selde Lars 40 % av sin eigardel til Anve Gausvik. Gausvik jobba på verkstaden og var ein klar kandidat for å vera med på eigarsida. Eigdomsselskapet er slik det har vore frå tidleg på 2000 talet.

På spørsmål frå Uskedalen.no om kva som er den største endringa innan bil på 30 år, er svaret elektronikk og meir digitalt utstyr. Salting gjer at bilen treng meir tilsyn og vedlikehald. Dette gjeld særleg i høve til bremsar og bremseskiver. Skadeomfanget på bil er om lag det same som før, men det er meir småbulking og skader ofte ved berøring av kantstein og fortauskantar. Uver og sterk vind gjer at tre og gjenstandar gjer skade. Lakkinga er som før. Dekkhotell er nytt. Mange bileigarar har mindre plass heime og ynskjer heller at dekk står og vert tekne vare på i dertil eigna lokale.

Auto 88 AS i Uskedalen har godt med arbeid. For to år sidan overtok Knapphus levering av alt drivstoff. Før den tid var bensinsalet ein YX stasjon.

30 års jubileet vert markert med gode kampanjetilbod, mellom anna på Bosch batteri og Bosch viskarblad.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Auto 88 er leverandør av Bosch produkt. Jubileet vert markert med 30 % rabatt på batteri og viskarblad.